

Vedlegg 8



Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune

20 FEB 2015

Hordalandfylkeskommune  
Samferdselsavdelinga  
Boks7900  
5020 BERGEN

Behandlende eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Sigmund Bødal - 55516146

Vår referanse:  
2014/124063-004

Dykkar referanse:  
05.01.2015

### Askøy kommune - Avkjørsle / dispensasjon - Fv. 223 Skråmestø - Herdla - gnr. 41 bnr. 17 - Klage på vedtak

Statens vegvesen har motteke klage på avslag på søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle på Fv 223 av 25.11.14

Vedlagt av dokument i saka er :

1. Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for oppføring av to einebustadar. Vedtak. 29.01.14
2. Rammeløyve av Askøy kommune for gbnr 41/17. 11.03.14
3. Søknad om utvida bruk av avkjørsle. 08.10.14
4. Svar frå Statens vegvesen, avslag på søknad. 04.11.14
5. Epost med stadfesting av klage på vedtak. 25.11.14
6. Forslag til reguleringsplan for Skansen Vest
7. Oversiktskart for Søre Herdla, Askøy kommune

#### Kva saka gjeld

Askøy kommune innvilga rammeløyve for to bustadar på gbnr 41/14 den 11.03.14. Dette rammeløyve har sin bakgrunn i at Askøy kommune tidlegare har gjort vedtak om å gje dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen for etablering av to einebustadar og tilkomstveg i Lnf område.

Verken Statens vegvesen eller Hordaland fylkeskommune som vegeigar har fått høve til å uttale seg til denne dispensasjonssøknaden. Dette ser vi som svært uheldig då dette vedtaket råkar vårt fagområde, når det gjeld tilkomst til Fv 223. Dette er soleis i strid med PBL § 19-1. Det er frå kommunen si side stilt som vilkår at ei godkjenning frå Statens vegvesen må ligge føre når det gjeld tilkomst til Fv 223. Kommunen har ikkje høve til å stille slike krav, då vedtak om frådeling av tomter skal sikre desse tilkomst offentleg vegnett, jfr § 27-4 i PBL. Dette er ikkje gjort i denne saka.

Statens vegvesen mottok deretter ein søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle (08.10.14). Av omsyn til trafikktryggleiken på staden og avviklinga av trafikken valde Statens

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø<sup>9815 Vadsø</sup>  
Telefon:  
Telefaks:

vegvesen å ikkje gje utvida bruk av avkøyrsle på staden. Vi mottok den 25.11.14 brev i frå Grasp Arkiteker AS, der det vart klaga på vårt vedtak. Vi har underetta Grasp Arkitekter AS om at vi opprettheld vårt standpunkt og at saka etter dette vert over til Hordaland fylkeskommune si klagenemnd for avgjerd.

### Vurdering

Statens vegvesen gav i brev av 04.11.14 avslag på søknad om utvida bruk av eksisterande avkøyrsle på Fv 223. Området som dei to tomtene er lokalisert i på vestseida av Fv 223 er aude med bergknausar og lyng vendt mot Hjeltefjorden, mellom kryss til Heimdal og Herdla bru. I nærleiken av Herdla bru er det på vestleg side lokalisert ei eldre hytte. Hytta har i dag ei därleg avkøyrsle på Fv 223. Det er denne avkøyrsla ein no ønskjer å utvide bruken for ved desse to tomtene. FV 223 er ein del av hovudvegnettet på nordre Askøy.

Statens vegvesen si erfaring er at desto fleire avkøyrsler det er på ein veg, desto større er risikoen for at det vil oppstå trafikkulukker. Med dette som bakgrunn ønskjer Statens vegvesen å ha få, men godt definerte kryss/avkøyrsler på fylkesvegnettet. Dette gjev ein forutsigbar og oversiktleg trafikal situasjon både for bilister og mijuke trafikantar.

På det noverande tidspunkt er det under regulering eit større planområde for bustadar like i nærleiken av krysset til Heimdal. Planområdet strekker seg ut i frå sør mot nord i retning mot Herdla bru. Dette området skal ha tilkomst til Fv 223 via krysset til Heimdal. Det er naturleg at tomtene på gbnr 41/17 vender seg mot dette området og at ein nyttar krysset til Heimdal i staden for bruk av ei därleg plassert avkøyrsle. Det er i dag ikkje noko naturleg godt trafikalt punkt for tilkomst til Fv 223 mellom krysset på Heimdal og Herdla bru. Fv 223 går i rett line gjennom ei fjellskjæring på staden, noko som gjev ein uoversiktleg situasjon.

Vi ser det som særleg trafikalt utfordrande med å gje ei utvida bruk av den eldre avkøyrsla til hytta på staden. Særleg i sommarhalvåret er Herdla ei øy som folk på Askøy og i Bergensområdet nyttar til utfart og friluftsliv. I tillegg vart Herdla golfklubb etablert for nokre år tilbake. Samla sett gjev dette i periodar eit høgt volum av biler og menneske som nyttar øya. Ei utfordring her er at Herdla bru er ei eit felts bru med avgrensa kapasitet og kvalitet. I periodar med mykje bilar i kan det vere kø for å komme over til øya og tilbake. Omsøkte avkøyrsle ligg inn mot bruområdet. Ut og innkjøring frå avkøyrsla vil kunne kome i konflikt med trafikk til og frå brua, på eit punkt der folk ikkje forventar kryssande trafikk. Frå sør kjem avkøyrsla brått på og vil vere eit overraskande element på mange trafikantar. Vi vurderer at potensiale for uheldige trafikale situasjonar med kryssingsulukker og påkjøring bak i frå, absolutt er til stades. Slike trafikkulukker har eit stort skadeomfang og i ein del tilfelle tragiske utfall. Ei utvida bruk av denne avkøyrsla vil soleis gå på tvers av Statens vegvesen sin 0 – visjon og statlege retningsliner for samordna bustad, areal og trafikkplanlegging. Snarare tvert om vil ei auka bruk føre til høgare risiko for ulukker på staden. Ei samla utkjøring for områda vest av Fv 223 vi sikre trafikktryggleiken så langt det er mogleg i dag. Som vi tidlegare har peika på gjeld dette krysset til Heimdal. Dette vil vere i tråd med vårt fokus i slike saker, der det alltid er det viktigaste at trafikktryggleiken vert ivaretaken.

Ved å nytte krysset til Heimdal nokre hundre meter lengre sør vil ein få ei samla utkjøring på Fv 223 for dei som har bustad på vestsida av fylkesvegen. Krysset er godt synleg og vil ivareta trafikktryggleiken på staden på ein framtidsretta måte, i staden for at ein opnar opp for fleire mindre avkøyrsler langs vegnettet. Vi gjer særleg merksam på at ved omsøkte avkøyrsle endrar skilta fartsnivå seg frå 60 km/t til 50 km/t. Dette er på ei rett strekning som innbyr til

noko høgare fart i retning Herdla bru enn det som er skilta. Det er difor uheldig med utvida bruk av denne avkøyrsle som kjem brått på.

Fv 223 er siste del av hovudvegnettet på Askøy. I Rammeplanen for avkøyrsler og byggegrenser i Region Vest vedteken av Hordaland fylkeskommune i 2013 har vegen ei streng haldningsklasse for etablering av nye avkøyrsler. Mellom anna går det fram at : *Talet på avkøyrsler skal avgrensast*. Statens vegvesen gjorde det klart i uttale til kommuneplanen sin arealdel at nye tilkomstar til hovudvegnettet skal finne stad via kryss og ikkje via nyetablerte avkøyrsler. Med dette som bakgrunn ser vi at krysset til Heimdal er best teneleg for desse tomtene.

Avslutningsvis vil vi peike på feil i sakshandsaminga hos Askøy kommune. Statens vegvesen som fagmynde for trafikk skulle hatt høve til å uttale seg i saka, jfr § 19-1 i PBL. Vi ville då peika på dei same løysingane som er gjort greie for ovanfor. Statens vegvesen fekk først greie på vedtaket kommunen hadde fatta som ein del av utbyggjar sin søknad om utvida bruk av avkøyrsle på Fv223, 7 månadar etter at vedtaket var fatta. Vi er soleis avskoren frå å klage på vedtaket.

### **Samanfatning**


Statens vegvesen fastheld sitt vedtak av 04.11.14, der vi avslo søknad om utvida bruk av avkøyrsle for to bustadar på Fv 223 mellom krysset til Heimdal og Herdla bru i Askøy kommune.

Statens vegvesen er i utgangspunktet ikkje imot at ein nyttar dette arealet på vestsida av Fv 223 til bustadar. Det pågår eit reguleringsarbeid i området med sikte på etablering av bustadar, som vi i utgangspunktet er positive til. Dette planarbeidet legg opp til å bruke eksisterande kryss ved Heimdal som tilkomst til Fv 223. Vi ser det som naturleg at desse to tomtene vert knytt til dei trafikale løysingane som denne reguleringsplanen legg til grunn for tilkomst til Fv 223. Det er heilt avgjerande for Statens vegvesen at tilkomst til Fv 223 frå vestsida finn stad på ein trygg, forutsigbar og effektiv måte som sikrar trafikktryggleik for alle typar trafikantar for framtida. Dette er så langt vi kan vurdere gjennom å nytte eksisterande kryss ved Heimdal. Statens vegvesen har eit særleg ansvar for å ivareta trafikktryggleiken i vårt arbeid. Omsøkte avkøyrsel stetter ikkje dette og er i strid med både Rammeplanen, vår 0 – visjonen og statlege retningsliner. I tillegg har vi gjennom vår uttale til kommuneplanen sin arealdel gjort greie for korleis tilkomst til hovudvegnettet på Askøy skal finne stad.


For å kunne oppnå trygge lokalmiljø med fokus på effektivitet og trafikktryggleik for framtida må ein legge til rette for trafikalt gode kryssingspunkt på hovudvegnettet framfor etablering av tilfeldige avkøyrsler med därleg trafikal kvalitet. Vi oppfordrar difor klagar til å nytte kryss til Heimdal som tilkomst til Fv 223.

Plan og forvaltning, Bergen

Med helsing



Olav Finne  
Avdelingsdirektør



Sindre Lillebø

Kopi: Grasp arkitekter as  
Askøy kommune